

Sakshandsamar:

Glenn Heine Orkelbog
E-post: Glenn.Heine.Orkelbog@sfj.no
Tlf: 415 30 612

Vår ref.

Sak nr.: 14/6416-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

40393/14

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 15.12.2014

BruCon AS
Bjørnstjerne Bjørnsonsgate 21
N – 3044 DRAMMEN

Lærdal kommune – søknad om prøveuttak av stein - gbnr. 46/1 - Tilbakemelding etter arkeologisk registrering

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering på Luggenes gbnr. 46/1 den 17.11.2014. Registreringa vart gjennomført i samband med BruCon AS sine planar om prøveuttak av stein, og skulle oppfylle tiltakshavararundersøkingssplikta jamfør kulturminnelova § 9.

Fem timar vart nytta i felt og ein time er nytta på etterarbeid.

Planområde ligg inntil og på sørsida av Rv. 53 mellom Fodnes/Årdal og ca. 4,5 kilometer frå Fodnes ferjekai. Terrenget er kuppert og ulendt og består av open furuskog, bergknausar og ras vifter frå bergsida ovanfor. Planområde vart undersøkt ved gjennomføring av eit visuelt overflatesøk, der det primært vart leita etter førhistoriske utmarkskulturminne.

Ingen automatisk freda, eller nyare tids kulturminne vart påvist under registreringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har derfor ingen merknader til søknaden når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Me gjer likevel merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
fylkesdirektør

Glenn Heine Orkelbog
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift